




Villreinnemnda for Nordfjella, Fjellheimen og Raudafjell



Villreinutvalet for Nordfjella

Vår dato:

03.10.2024

Vår ref:

2024/14570

Dykkar dato:

«RefDato»

Dykkar ref:

«Ref»

Klima- og miljødepartementet
Landbruks- og matdepartementet

Saksbehandlar, innvalstelefon
Harald Skjerdal, 47874374
Hermund Mjelstad, 57643124

Reetablering av villreinen i Nordfjella må starte opp no

Villreinnemnda og villreinutvalet for Nordfjella har vore aktive og konstruktive partar i samband med sanering og arbeidet med reetablering av villreinstamma i Nordfjella sone 1. Vårt utgangspunkt har vore ein brakkleggingsperiode på 5 år, jamfør brev frå LMD 8. mai 2021., «*Det må utarbeides en konkret plan for gjenoppbygging av villreinstammen på Nordfjella så hurtig som mulig. Etatene må vurdere om det er mulig og faglig forsvarlig å reetablere en stamme før det er gått fem år etter avsluttet uttak.*»

Både villreinnemnd og -utval har akseptert at det har vore naudsynt å bruka noko meir tid for sikra at reetableringa skal skje på ein forsvarleg måte. Når det no nærmar seg 7 år med brakklegging, kan vi ikkje lenger sjå at det er vektige argument for ikkje å starta med reetablering omgåande. Vår tillit og tolmod er i ferd med å ta slutt, og vi forventar at ansvarlege styresmakter no følgjer opp Stortinget sitt vedtak 786, 13. juni 2024; «*Stortinget ber regjeringa snarast mogleg reetablere villrein i Nordfjella i sone 1 med villrein frå sone 2 når denne kjeldebestanden er friskmeld på bestandsnivå, slik at risikoen for resmitte er handtert på eit akseptabelt nivå.*» Ut frå Stortinget sitt vedtak, og tidlegare Artsdatabanken sine vurderingar (notat 12. februar 2024), oppfattar Villreinnemnda og Villreinutvalet at diskusjonen om kva område det skal hentast dyr frå er avslutta.

Etter jakta i haust vil status for friskmelding vera tilnærma 98 %, etter Veterinærinstituttet sin teoretiske modell. At 99 % skal vera absolutt utan bruk av skjønn vert oppfatta som svært urimeleg og teoretisk. Stortinget sitt vedtak om «akseptabelt nivå» må og vurderast som ei oppmjuking og ei tilråding om bruk av skjønn.

Villreinnemnd og villreinutval ber om at følgjande vert iverksett omgåande:

E-postadresse:
sfvpost@statsforvalteren.no
Sikker melding:
www.statsforvaltaren.no/melding

Postadresse:
Njøsavegen 2
6863 Leikanger

Villreinnemnda leiar:
Trygve Skjerdal, Skjerdalsvegen
114, 5745 Aurland
Tlf. 97526883
E-post:
trygve.skjerdal@privat.alb.no

Sakshandsamar:
Hermund Mjelstad
Tlf. 57643124
fmsfhm@statsforvalteren.no



- Etablere ei arbeidsgruppe for reetablering. Vi syner her til tilråding frå Mattilsynet og Miljødirektoratet til KLD og LMD 1.12.22, der det vert tilrådd å setja saman ei gruppe med sterk lokal forankring. Villreinnemnda og Villreinutvalet ser absolutt ingen grunn til å venta med oppretting av arbeidsgruppa, og er klare til å gjera ein innsats.
- Gjeldande instruks til SNO, om at dyr som kjem inn i sone 1 frå sone 2 i dag skal drivast tilbake eller fellast, må avviklast.
- Dyr skal hentast frå sone 2, jfr. Stortingsvedtaket. Dyr må fritt kunna vandra inn i sone 1 ved at oppsett sperregjerde blir teke vekk. Første fase vil kunna vera ei passiv reetablering, og der vidare prosess blir avklart vinteren 2025.

Både nemnd og utval har ei sterk bekymring i forhold til lokalt engasjement og forståinga for villrein og våre villrein fjell, jaktkultur og forvaltning. Vi er i ferd med å mista kunnskap og ein generasjon jegerar, og den innarbeidde lange tradisjonen med å nyttegjere seg resursane i fjellet og utmarka.

Det er eit samla lokalt og regionalt nivå, både politisk og forvaltningsmessig, som no krev å bli teke på alvor. Sist vedtak i Nordfjellarådet 2.9.2024: «*Nordfjellarådet føreset at reetablering vert sett i gang omgåande, jf. vedtak i Stortinget 13. juni (vedtak 786).*»

Sjå og vedtak i Vestland fylkesting 1.10.2024: «*Fylkestinget føreset at reetablering av villrein i Nordfjella sone 1 vert sett i verk omgåande, i samsvar med vedtak i Stortinget 13. juni 2024. Handlingsprogram Nordfjella må knytast opp til at reetablering av villrein i sone 1 vert sett i verk.*»

Villreinnemnda og villreinutvalet i Nordfjella forventar eit snarleg klårt svar frå ansvarlege statsrådar.

Med helsing

Trygve Skjerdal
leiar villreinnemnda

Sigurd Vikesland
leiar villreinutvalet

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:

Miljødirektoratet	Postboks 5672 Torgarden	7485	TRONDHEIM
Lærdal kommune	Øyraplassen 7	6887	LÆRDAL
Aurland kommune	Vangen 1	5745	AURLAND
Hemsedal kommune	Hemsedalsvegen 2889	3560	HEMSEDAL
Ål kommune	Torget 1	3570	ÅL
Hol kommune	Ålmannvegen 8	3576	HOL
Ulvik herad	Skeiesvegen 3	5730	ULVIK
Voss herad	Postboks 145	5701	VOSS
Buskerud fylkeskommune	Postboks 3563	3007	Drammen
Koordinator for reetablering av villrein i Nordfjella sone 1	v/Knut Arne Gurigard	3560	Hemsedal
Mattilsynet	Postboks 383	2381	Brumunddal
Vestland fylkeskommune	Postboks 7900	5020	BERGEN